FITJAR

Prosjektinformasjon

Fitjar kommune lyser ut konkurranse på totalentreprisekontrakt på ny barnehage, uteområde og trafikkareal ved Øvrebygda skule, gbnr. 50/11.

Krav til utføringa av arbeidet går fram av dokumenta i konkurransen her.

1. Omfang

Entreprisen gjeld nytt barnehagebygg med bodar og vognskur, uteareal til barnehagen og trafikkareal knytt til eigedomane 50/11 og 50/43. Oransje stipla linje i utomhusplanen syner entreprisegrensa. Element innanfor denne linja kan vera opsjonspostar. Merk likevel merknadar om entreprisegrensa mot vest

2. Generelt

Tilbydar er ansvarleg for å inkludera alle kostnadar, også i underliggjande postar for respektive kategoriar i vedlagde prisskjema. Fitjar kommune legg til grunn at postar som ikkje er utfylt inngår i andre kategoriar. Tilbydar skal ta med eventuelle andre ytingar som kjem fram i andre delar av konkurransegrunnlaget med vedlegg.

Alle ytingar, material og produkt for alle fag i skildringa skal minimum tilfredsstilla krav som er gjeve i eller i medhald av gjeldande lovverk, inkludert bransjenormer. Konkurransegrunnlaget gjeld likevel framfor dette i dei tilfella der det er avvik.

Skildringane er rettleiande for alle fag, og Fitjar kommune føreset at entreprenør gjer seg kjend med området og tomta. Me føreset og at entreprenør i si planlegging, prosjektering, utføring og verifikasjon av kontraktsarbeidet legg til grunn relevante delar av Norsk Standard, inkl. Eurokodar med nasjonale tillegg. Me føreset og at entreprenør med underentreprenørar/leverandørar er kjend med dei føresegnene som gjer seg gjeldande i byggjeprosjektet.

3. Særskilte merknadar til kapittel 76 i funksjonsskildringa

I. Til punkt 76.1 – generelt

I funksjonsskildringa heiter det at trafikkareal som inngår i prosjektet skal opparbeidast i samsvar med gjeldande reguleringsplan og utomhusplan og inngår som ein del av entreprisen i sin heilskap.

Fitjar kommune presiserer at til dette punktet høyrer tilpassing av fortau i begge ender av entrepriseområdet. Nytt fortau innan entrepriseområdet skal knytast saman med eksisterande fortau langs fylkesvegen både aust og vest for skulen. I vest inneber det m.a. justering av fortauslinje vest for avkøyringa o_KV2, og tilpassing/avkorting av eksisterande ellipse. Fortauslinje og utforming skal vera slik reguleringsplanen seier. Mot aust inneber det at nytt opparbeidd fortau må smalnast inn til å gå saman med eksisterande fortau, og fjerning av delar av ellipse.

FITJAR





II. Til punkt 76.2 – KV2

Under dette punktet høyrer også at det må utarbeidast skiltplan som skal godkjennast av vegmynde, og etablerast skilt i samsvar med skiltplanen.

Opparbeiding/asfaltering av o_KV4 i samsvar med reguleringsplanen vert og prisa under dette punktet.

III. Til punkt 76.6 – asfalt

I tillegg til areal inne i barnehagen sitt uteområde, gjeld asfaltering p-plass, busslomme, fortau, KV2, reasfaltering etter fjerning av fartshump, og o_KV4. Eksisterande fylkesveg skal i utgangspunktet ikkje asfalterast i full breidde, men i overgang mellom eksisterande asfalt i fylkesveg og ny asfalt i busslomme må skøyten forsterkast og fortannast.

IV. Til punkt 76.7 – Oppmerking på asfalt

I tillegg til det som er nemnt under dette punktet i funksjonsskildringa, skal ny kommunal KV3 merkast med kvite sidestriper. Skiljet mellom o_KV4 og o_P2 skal vera tydeleg.

4. Særskilt merknad til punkt 282 i funksjonsskildringa

Fitjar kommune ber leverandørane merka seg at det er avvik mellom teikningsutsnitta i punkt 282 og planteikninga for 2.etg (A20-2). Det er planteikninga som skal gjelda med omsyn til tilkomst til tak:



Fallsikring må ivaretakast, og er skildra i funksjonsskildringa punkt 261 og 35.

5. Arbeid med kabel til trafo

Alt arbeid i samband med ny straumtilførsel til barnehagebygget skal utførast i samsvar med vedlegget Skildring_anleggsarbeid_Fagne. Entreprenør må vera prekvalifisert av Fange eller gejnnomføra og bestå kurs i regi av Fagne. Entreprenør må og ha sentral eller lokal godkjenning.

6. Framdrift

Fitjar kommune ynskjer at arbeidet kan ta til så snart som mogleg etter kontraktsinngåing, fortrinnsvis seinhaustes 2026. Oppstart føreset at byggjeløyve er gjeve. Fitjar kommune ynskjer eit prosjekt med god framdrift. Frå byggherren si side er det ynskjeleg med ferdigstilling innan 1.1.2028.

Arbeidet skal skje mens det er skuledrift på Øvrebygda skule (nyeskulen), og arbeidet må dermed planleggjast og gjennomførast slik at det er minst mogleg ulempe for skuledrifta. Sjå ytterlegare merknadar under «riggplass og gjennomføring.»

Leverandør må oppgje i tilbodet når dei ser føre seg å kunna starta arbeidet. Leverandøren må også leggja ved realistisk framdriftsplan i tilbodet. Framdriftsplanen skal innehalda milepælar for arbeidet slik som t.d.

- Detaljprosjektering ferdig
- Tidspunkt IG og FA
- Grunnarbeid ferdig
- Tett bygg
- Uteområde ferdig
- Trafikkareal ferdig
- Overlevering
- Prøvedriftsperiode

Endeleg framdriftsplan vert avklart mellom vald entreprenør og byggherre ved kontraktsinngåing.

FITJAR

Før oppstart på byggjeplassen skal det gjennomførast eit møte med Fitjar kommune for best å leggja opp arbeidet.

7. Prosjektering og koordinering

Totalentreprenøren er ansvarleg for all detaljprosjektering og prosjekteringsleiing. Fitjar kommune føreset at totalentreprenør legg vekt på koordinering mellom faga både i prosjekteringsfasen og på byggjeplass, slik at arbeidet går så saumlaust som mogleg. Leverandør må tilby ein ITB-koordinator til prosjektet.

8. Riggplass og gjennomføring

Entreprenør har ansvar for planlegging, koordinering og framdrift på byggjeplass for eigne og underentreprenørar sine ytingar av kontraktsarbeidet;

- Organisering og leiing av byggjeplass
- Dagleg oppfylging av framdrift og kvalitet
- Koordinering av underentreprenørar og leveransar
- Overhalda SHA- og HMS-krav
- Kommunikasjon med byggherre
- Planleggja for systematisk ferdigstilling

Riggplass for anleggsarbeidet vert ordna av entreprenøren. Entreprenør held sjølv naudsynte riggfasilitetar, brakker mv. Fitjar kommune sitt areal på gbnr. 50/11 og 50/43 er tilgjengeleg for entreprenør utover dei areala som er naudsynte for skuledrifta.

Fordi skulen er i drift i byggjetida, må riggplass og byggjeområde tilpassast skuledrifta. Skulen skal i heile byggjetida ha tilgang til ballbingen, men skulen sin tilkomst til denne kan vera frå austsida av skulebygget. Perioden der resterande takoverbygg skal rivast og arbeid skal gjerast framfor hovudinngangsdør i hjørnet og inngangsdør til klasseromsfløy mot vest må gjerast så kort og effektiv som mogleg. Skulen skal kunna nytta desse dørene i byggjetida i den grad det er mogleg. Det skal i heile skuletida vera mogleg å koma til inngang frå nord, og entreprenør må koordinera dette med byggherre undervegs i byggjetida. Dersom det er mogleg og hensiktsmessig, er det ynskjeleg at arbeid som spesielt vil påverka skuledrifta vert lagt til skulens ferie.

Kommunen ser føre seg at arealet avmerka med raudt under kan sperrast av i heile byggjetida, mens avsperring for parkerings- og trafikkareal + areal for leskur og gapahuk må tilpassast undervegs noko undervegs.

FITJAR



Det må sperrast av tilstrekkeleg areal til at det er sikkert å ferdast ute for elevar og tilsette, men samstundes kan ikkje entreprenør sperra av meir areal av skuleplassen enn det som er naudsynt. Entreprenøren må utarbeida ein plan for arbeid på uteområdet slik at det heile tida er tilgjengeleg uteareal til elevar i skuletida.

Entreprenør må i tilbodet leggja fram plan for korleis dei ser føre seg å løysa dette. Endeleg rigg- og framdriftsplan vert avtalt med byggherre etter kontraktsinngåing.

Fitjar kommune legg til grunn at brakkerigg oppfyller krava i arbeidsmiljølova og arbeidsplassforskrifta, herunder spise- og skifterom, toalett osv.

Entreprenøren må sjølv syta for påkopling for provisorisk straum, vatn og kloakk ved behov. Kostnad for byggjestraum skal inngå i tilbodet.

Ved avslutting av arbeidet skal det gjennomførast opprydding på rigg- og anleggsområdet. Entreprenøren sine maskiner, utstyr og material skal fjernast straks og fortløpande etter at naudsynt arbeid er ferdig.

Anleggsstad/byggjeplass skal sikrast mot tilkomst for uvedkommande. Byggjegjerde må etablerast på slik måte at uvedkommande, inkludert elevar, tilsette ved skulen og føresette, ikkje får tilkomst til byggjeområdet.

Arbeid skal normalt ikkje føregå før kl 07.00 og etter kl 20.00 på kvardagar, og ikkje på sundagar og helgedagar. Unntak er eventuelt arbeid med omkopling av vassforsyning.

Avfall og farleg avfall skal handterast utan fare for forureining og skade. Avfall skal lagrast og handterast forsvarleg og i samsvar med gjeldande forskrifter. Alt avfall skal ryddast frå anleggsområdet fortløpande, verta sortert og levert til godkjend mottak.

Brenning av avfall på anleggsplassen eller i terrenget er ikkje tillate. Dette gjeld også papir og trematerialе.

Ved olje- og drivstofflager skal det vera lager av oljeabsorberande materiale. Entreprenør skal ha rutinar/system som sikrar at tankar og fat vert kontrollert regelmessig og søk og

lekkasjar vert samla på plassen. Entreprenør skal sjå til at maskiner og utstyr ikkje lek olje eller drivstoff.

Arbeid må verta planlagd med omsyn til aktuelle klimatilhøve/årstider.

9. Trafikkavvikling

Skulen skal vera i drift i byggjetida. Lærarparkering og parkering for føresette som skal levera elevar til skulen vil vera ved Øvrebygda bedehus på gbnr 50/86. Parkeringsplassane ved skulen på gbnr 50/11 kan difor disponerast av entreprenør gjennom heile byggjetida. Likevel må det leggjast til rette for gang-/sykkeltilkomst til skulen langs eksisterande fortau nordfrå frå bedehuset og sørfrå langs fylkesvegen. Det må og vera høve for rute- og skulebuss å stoppa ved skulen i byggjetida. I dag køyrer bussane inn på skuleplassen, men kommunen ser føre seg at det vert etablert mellombels busstopp eller tilsvarande langs vegen fram til ny busshaldeplass er ferdigstilt og kan takast i bruk.

Vegen forbi skuleområdet og inn til gbnr. 50/1 skal haldast open gjennom byggjetida.

Tilkomst til 50/1

Entreprenør må dermed leggja opp byggjeplassen slik at dei tek omsyn til dei nemnde tilhøva. Plan for trafikkavvikling må inngå i tilbodet.

Fitjar kommune er godkjend som trafikksikker kommune, og legg vekt på trafikktryggleik i heile byggjetida.

10. Tilhøve til naboar og andre råka partar

Entreprenøren vil i gjennomføringa av arbeidet vera oppdragsgjevar sin representant og ansikt utad mot publikum, naboar og andre råka partar. Oppdragsgjevar legg stor vekt på at dette ansvaret vert ivareteke på beste måte. Oppdraget skal gjennomførast på ein planlagd og smidig måte slik at konfliktar vert unngått.

11. Grunntilhøve

Fitjar kommune har ikkje gjennomført kartlegging av grunnen der gamleskulen stod (riven vinteren 2026). Det er fylt att i byggjegopen etter rivinga, jf. vedlagte dokumentasjon for fyllmasse. Grunnen under er ikkje undersøkt, og riveentreprenør har heller ikkje klargjort arealet for bygging. Totalentreprenør har ansvaret for prosjektering av grunntilhøve der gamleskulen stod, og må ta det med i vurderinga når han detaljprosjekterer.

Totalentreprenør må syta for kartlegging der det er behov, og må sikra at det nye bygget vert fundamentert på tilstrekkeleg gode massar og sikker grunn.

Notat etter andre grunnundersøkingar på eigedomen ligg vedlagt.

12. Vassforsyning/avlaup

Kommunale VA-anlegg som vert råka av tiltaket skal vera i drift i anleggsperioden.

Alle produkt som skal nyttast, der desse kan koma i kontakt med drikkevatn, skal vera godkjend for bruk i drikkevatn. Material som er i kontakt med drikkevatn skal ikkje gje frå seg stoffar som kan vera helseskadelege eller gjera at drikkevatnet vert mindre klart eller får lukt, smak eller farge.

13. Byggjemøte

Det skal gjennomførast byggjemøte annakvar veke i byggjetida. Eventuelle byggjeherremøte og andre særmøte vert gjennomført etter avtale. Fitjar kommune kallar inn og skriv referat frå byggjemøta.

Entreprenøren skal rapportera til byggherren i samband med byggjemøte. Dette kan omfatta (omfang vert avtalt med byggherre):

- SHA og ytre miljø
- Økonomi
- Framdriftsplan – status
- Utførde aktivitetar siste periode
- Planlagde aktivitetar neste periode
- Bemanning
- Status KS – kontrollar og avvik
- Kontroll, testar, inspeksjonar
- Dokumentasjon
- Status endringar
- Uavklarte tilhøve

14. Prosjekthotell og dokumentasjon

Fitjar kommune vil nytta prosjekthotell i prosjektet. Entreprenør vil få brukar til prosjekthotellet.

Teikningar og anna arbeidsgrunnlag vil berre verta gjort tilgjengelege i prosjekthotellet. Entreprenøren må vederlagsfritt sjølv syta for naudsynt utskrift og mangfaldiggjering av dokumenta.

Frist for tilbakemelding er 14 kalenderdagar dersom ikkje anna er avtalt for det spesifikke dokumentet.

15. Byggherre si godkjenning av detaljteikningar m.v.

Byggherre skal ha høve til å gjennomgå detaljteikningar når dei er klare, og ha høve til å uttala seg til desse. Totalentreprenør skal gje byggherre tilstrekkeleg tid til gjennomgang før utføring, minst 5 dagar. Entreprenør skal lasta opp teikningsgrunnlag og annan dokumentasjon i prosjekthotellet så snart dei er klare for gjennomgang. Byggherre skal

gjennomgå teikningar så snart som råd. Det er ynskjeleg med jamlege møte mellom entreprenør og byggherre i detaljprosjekteringsfasen for å sikra god kommunikasjon og godt samarbeid i prosjektet.

16. Sluttdokumentasjon

Sluttdokumentasjon skal leverast til byggherre seinast 14 dagar før overtakingsforretning. Sluttdokumentasjon skal leverast i prosjekthotellet eller anna system kommunen nyttar i tillegg til minnepinne. Alle sjølvstendige dokument/datablad skal vera sortert og liggja som eigne filer. Ved levering i FDV-system, skal alle dokument vera sortert og lagt inn på tresiffernivå etter bygningsdelstabellen. Tittel på kvart dokument skal vera kortfatta og tydeleg på kva fila inneheld.

17. SHA-koordinator og SHA-plan

SHA-koordinator for prosjektet er ikkje fastsett enno.

SHA-plan ligg vedlagt. Merk at denne planen gjeld både fase 1 (riving gamleskulen, vart utført vinteren 2026) og fase 2 (bygging av ny barnehage). Fase 1 er ferdigstilt.

Entreprenør skal etterleva byggherren sin SHA-plan og utarbeida eigen HMS-plan før søknad om IG. Entreprenør skal planleggja og fylgja opp HMS-arbeidet:

- Rapportera og fylgja opp uynskte hendingar
- Syta for opplæring og sikkerheitsutstyr
- Gjennomføra sikker jobbanalyse (SJA) og risikovurderingar

Entreprenør skal ta med alle kostnadar for å ivareta SHA både i prosjekterings- og utføringsfasen.

18. Internkontroll

Leverandøren skal fylgja gjeldande arbeidsmiljølov med tilhøyrande forskrifter, byggherren sin SHA-plan, byggherren eller koordinator sine anvisningar.

Leverandøren skal ha internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder. Relevante delar av byggherren sin SHA-plan skal innarbeidast i og fylgjast opp gjennom leverandøren sin internkontroll.

19. Kommunikasjon undervegs i prosjektet

Skriftleg kommunikasjon i prosjektet kan skje elektronisk.

20. Fakturering

Alle faktura skal ha nr., dato og fakturatype påført. Fakturering skal skje særskilt for avdragsfakturaar og fakturaar for tilleggs-/endringsarbeid. Faktura skal sendast til kommunen som EHF.

Faktura skal merkast med prosjekt, kontaktperson mm etter nærare avtale med byggherre. Fakturaar skal ha 30 dagars betalingsfrist.

Av avdragsfakturaar skal framgå:

- Opparbeidd beløp denne periode
- Totalt opparbeidd beløp
- Innestående beløp i henhald til kontrakt
- Meirverdiavgift
- Sum til utbetaling

Som vedlegg til faktura skal det leggjast ved dokumentasjon på at gitt milepæl for fakturering er nådd, eventuelt mengdespesifikasjon der fylgjande framgår:

- Post i mengdebeskrivelsen
- Kontraktsmengde
- Einheitspris
- Utført mengde/verdi per post denne perioden
- Totalt utført mengde/verdi per post

21. Kvalitetssikring

Entreprenøren skal utarbeida ein kvalitetsplan for kontraktsarbeidet. Denne skal baserast på entreprenøren sitt overordna kvalitetssystem. Kvalitetsplanen skal dekkja alle systematiske tiltak som er naudsynte for å sikra at kontrakten sine krav til rett kvalitet til rett tid med sikker utføring vert tilfredsstilt. Planen skal mellom anna omfatta rutinar for planlegging, utføring, fagleg kontroll, dokumentasjon, avvikshandtering og avviksrapportering.

Kvalitetsplanen skal verta overlevert til byggherre innan oppstart på byggjeplass.

Kvalitetsplanen skal haldast oppdatert gjennom heile anleggsperioden, og alltid vera tilgjengeleg for byggherren. Generelt gjeld at prosedyrar skal vera utarbeidd og innarbeidd hos entreprenøren før oppstart av arbeidet prosedyren gjeld for.

Entreprenøren skal syta for at alle underentreprenørar fylgjer kontrakten sin kvalitetsplan.

Entreprenøren skal føra kontroll med sine arbeid for å sikra rett kvalitet på kontraktsarbeida, og dessutan utarbeida kontrollplanar og syta for naudsynt oppfylging og dokumentasjon.

Basert på kontrollplanar vil byggherre identifisera dei arbeida han ynskjer å kontrollera. Entreprenøren har plikt til å varsla byggherre seinast 48 timar forut for utføring/kontroll av slike arbeid.

22. Dokumentasjon

Dokumentasjon som vert utarbeidd i løpet av byggjeprosessen skal alltid vera tilgjengeleg for byggherren. Under arbeidet har entreprenøren plikt til å oversenda grunnlag for prosjektering i form av profilar og måledata som vert sett på som naudsynt for forsvarleg prosjektering. Bilete, måledata, skisser og testresultat som vert utarbeidd for å dokumentera utført arbeid skal fortløpande gjerast tilgjengeleg for byggherren og hans kontraktsmedhjelparar.

23. Offentleg omtale av prosjektet

All informasjon og offentleg omtale av prosjektet skal kanaliserast gjennom byggherren.

24. Atterhald

Før kontrakt kan inngåast og arbeidet gjennomførast må det liggja føre vedtak om investeringsavgjerd frå kommunestyret. Det må og liggja føre byggjeløyve. Til søknad om IG må entreprenør signera erklæring for PRO og UTF for alle fag. Fitjar kommune vil sjølv stå som ansvarleg søkjar.